

ETNE KONTROLLUTVAL

INNKALLING TIL MØTE I KONTROLLUTVALET

Dato: måndag 25. februar 2013
Tid: kl. 13.00
Sted: Etne tinghus, formannskapssalen

Forfall meldes til: Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS, tlf. 52 75 73 53 eller mobil/sms 959 86 977/ e-post: ogh@kontrollutvalgene.no

Ved forfall blir vara medlem innkalla særskilt. Medlem som har lovleg forfall eller meina seg ugild, må gi melding om dette slik at vara medlem kan bli innkalla.

Saker merka *Ikkje offentleg jamfør off. l.*, blir berre sendt til medlemmer/vara medlemmer.

SAKLISTE:

01/13 Godkjenning av protokoll frå møte 26.11.12

02/13 Referat- og orienteringssaker 25.02.13

03/13 Årsmelding for kontrollutvalet 2012

04/13 Utveljing av forvaltningsrevisjonsprosjekt i 2013

Eventuelt

Aksdal, 18.02.13

Ståle Tunesvik
Kontrollutvalsleiar (sign)



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Kopi: Ordførar	(invitert i sak 02/13)
Revisor	(møte- og talerett)
Rådmann	(til orientering)
Varamedlem	(til orientering)

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	25.02.13	01/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 26.11.12.

Saksvedlegg: Protokoll får møte 26.11.12

Saksorientering:

Protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 26.11.12 følgjer vedlagt. Protokollen er lest gjennom og godkjent av leiar i etterkant av møtet og over sendt kommunen slik han ligg føre.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 26.11.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Aksdal, 18.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

ETNE KONTROLLUTVAL

PROTOKOLL

Måndag **26. november 2012** blei det halde møte i Etne kontrollutval under leiing av utvalsleiar Ståle Tungesvik.

MØTESTAD:	Etne Tinghus, formannskapssalen
MØTESTART/-SLUTT:	kl. 13.00 – 16.15
MØTANDE MEDLEMER:	Martin Gulliksen (Ap), Lars Ebne (KrF), Ståle Tungesvik (Sp), Ivan Kaldheim (H) og Trude Enge (Frp) i sakene 19/12-21/12 og 27/12
FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland kontrollutvalgssekretariat IKS
FRÅ REVISJONEN MØTTE:	Willy Hauge og Kari Hesjedal, KPMG AS
ANDRE SOM MØTTE:	Ordførar Sigve Sørheim i hele møtet, rådmann Elling Hetland, økonomisjef Vegard Bang og fungerande leiar for drift og vedlikehald Kristin Hagland i sakene 19/12-21/12 og 27/12
MERKNADER TIL INNKALLING:	Ingen
MERKNADER TIL SAKLISTE:	Sak 27/12 ble handsama etter 21/12 og sak 22/12 etter 24/12

FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

SAK 19/12 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTE 01.10.12

Sekretariatet si innstilling:

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 01.10.12 blir godkjent slik han ligg føre.

Handsaming i kontrollutvalet 26.11.12

Protokollen blei godkjent utan merknader.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.12

Protokollen frå møte i kontrollutvalet 01.10.12 blir godkjent slik han ligg føre.

SAK 20/12 REFERATSAKER 26.11.12

10. Invitasjon til NKRF konferansen 6.-7. februar 2013
11. Plan for selskapskontroll 2012-2016 – Kommunestyrevedtak 30.10.12, sak 69/12
12. Innkalling til møte i representantskapet i HIM 23.11.12

Handsaming i kontrollutvalet 26.11.12:

Sekretær orienterte om referatsakene. Utvalet vedtok at inntil 2 medlem kan reise på NKRF sin konferanse.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.12:

*Kontrollutvalet tek referatsakene 10 – 12 til orientering.
Inntil 2 medlem kan reise på NKRF sin konferanse i februar 2013.*

SAK 21/12 ORIENTERINGA FRÅ ADMINISTRASJONEN V/RÅDMANNEN

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne tar rådmannen si utgreiing til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 26.11.12:

Pkt. 1 – kommunale avgifter

Rådmannen, økonomisjefen og fungerande leiar for drift og vedlikehald orienterte. Utvalet som vart satt ned i 2010 jobbar framleis med blant anna retningslinjer for berekning av avgifter på vatn. Administrasjonen meinte avgiftene for vassmålarar blei berekna på rett vis. Det blir jobba med ny hovudplan for vatn og på lengre sikt kloakk. Avdelinga ser for seg store kostnader og eit langt tidsperspektiv for å utbetre dagens situasjon på VA-området. Noter i årsrekneskapen viser rekneskap for sjølvkost.

Pkt. 2. – effektiviteten og resultata i avdelinga drift og vedlikehald

Fungerande leiar for drift og vedlikehald gav ei grundig orientering om dei ulike områda i avdelinga. Det er eit stort behov for vedlikehald både på kommunale bygg og på anlegg. Avdelinga har for lave budsjett, dei har for lav bemanning og dei slit med å få tak i kvalifiserte folk i periodar.

Pkt. 3. – servicegraden i kommunen

Rådmannen orienterte. Han svara ut i frå interpellasjonen i kommunestyret som gjekk på handsaming av byggsaker. Kommunen jobbar med å betra servicegraden og informasjonsflyten, mellom anna gjennom nettsidene og bruken av e-skjema.

Pkt. 4 – kommunen sin representant i Etne kulturhus BA

Rådmannen orienterte. Byggeprosjektet er i sluttfasen og eit endeleg rekneskap vil vera klart om ikkje så lenge. Kommunen hadde frå administrasjonen ein representant i styret. Denne representanten hadde lagt ned eit stort arbeid både i og utanfor arbeidstid i dette prosjektet. Det er styret som har ansvar for rekneskap og budsjetter, inkludert opningsfesten.

Felles for alle spørsmåla:

Medlemmene av utvalet hadde nokre oppfølgingsspørsmål.

Utvalet var samd om at dei hadde fått ei grundig og god orientering frå administrasjonen.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.12:

Kontrollutvalet i Etne tar rådmannen si utgreiing til orientering.

**SAK 22/12 PRESENTASJON AV REVISOR-
OVERORDNA REVISJONSSTRATEGI**

Sekretariatet si innstilling:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2012 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 26.11.12:

Willy Hauge frå KPMG AS presenterte seg sjølv og firma. Han orienterte om den revisjonsstrategien dei hadde laga for rekneskapskontroll av kommunen for 2012.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 26.11.12:

Etne kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2012 til orientering.

SAK 23/12 PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012-2015

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre.

Kommunestyret gjev kontrollutvalet mynde til å gjera endringar av planen i perioden.

Handsaming i kontrollutvalet 01.10.12:

Kari Hesjedal frå KPMG AS presenterte forslaget til ny plan for forvaltningsrevisjon og den overordna analysen. Medlemmene hadde nokre oppfølgingsspørsmål og drøfta forslaget til ny plan. Utvalet blei samd i at planen var bra slik forslaget var og vedtok den samrøystes.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.12 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre vedtar Plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012 – 2015 slik den ligg føre.

Kommunestyret gjev kontrollutvalet mynde til å gjera endringar av planen i perioden.

SAK 24/12 BESTILLING AV FORVALTNINGSREVISJON – ØYANE ASVO AS

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne bestiller saman med kontrollutvalet i Vindafjord ein forvaltningsrevisjon av Øyane Asvo AS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre (med tillegg av dei eventuelle endringar som kom fram i møtet). Prosjektet skal gjerast innafor ei tidsramme på 200 timar og vert ferdig innan utgangen av april 2013.

Handsaming i kontrollutvalet 01.10.12:

Utvalet drøfta forslaget til ein slik revisjon. Leiar var kritisk til om det var rett tidspunkt å starte dette arbeidet no. Utvalet vart samd om at arbeidet ikkje skulle startast opp før det vart klart at ei vidare drift av Øyane var sikra.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.12:

Kontrollutvalet i Etne bestiller saman med kontrollutvalet i Vindafjord ein forvaltningsrevisjon av Øyane Asvo AS i tråd med det utkastet til prosjektmandat som ligg føre.

Føresetnad for å setje i gang arbeidet er at vidare drift i Øyane Asvo AS er avklara. Prosjektet skal gjerast innafor ei tidsramme på 200 timar og vert ferdig innan utgangen av april 2013.

SAK 25/12 OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT SELSKAPS- KONTROLL I HIM IKS

Sekretariatet si innstilling:

Etne kommunestyre tar tilbakemelding frå selskapet om oppfølging av selskapskontroll i HIM IKS til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.10.12:

Utvalet hadde ingen merknader til tilbakemeldinga.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.12 og innstilling til kommunestyret:

Etne kommunestyre tar tilbakemelding frå selskapet om oppfølging av selskapskontroll i HIM IKS til orientering.

SAK 26/12 STATUSOVERSIKT PR. NOVEMBER 2012 – OVER KONTROLLUTVALET SINE PROSJEKTER

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet i Etne tar statusoversikten for november 2012 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.10.12:

Utvalet sa seg samd i at ein slik statusoversikt var nyttig, og ville lette arbeidet med å følgje opp dei ulike prosjekta utvalet jobbar med til ei kvar tid.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.12:

Kontrollutvalet i Etne tar statusoversikten for november 2012 til orientering.

SAK 27/12 ETNE KOMMUNE SITT BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN FOR 2013-2016

Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet tar Etne kommune sitt forslag til budsjett for 2013 og økonomiplan 2013-2016 til orientering.

Handsaming i kontrollutvalet 01.10.12:

Rådmannen orienterte om forslaget til budsjett og økonomiplan. Det er eit stramt budsjett, lite handlingsrom og behov for store investeringar i åra som kjem. Dette vil auke gjelda for kommunen til omtrent det doble.

Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 01.10.12:

Kontrollutvalet tar Etne kommune sitt forslag til budsjett for 2013 og økonomiplan 2013-2016 til orientering.

Eventuelt:

Ingen saker var meldt.

Leiar takka Martin Gulliksen for innsatsen i utvalet. Han sluttar ved nyttår grunna flytting.

Neste møte: måndag 25. februar 2013, kl. 13.00

Etne, 26. november 2012

Ståle Tunesvik
Kontrollutvalsleiar


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saks nr
Kontrollutvalet	25.02.13	02/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 25.02.13**Saksvedlegg:**

1. Årsrapport og årsregnskap for 2012 – frå Skatteoppkreveren i Etne kommune
2. Kommunestyrevedtak 18.12.12, sak 082/12 – budsjett for kontroll og tilsyn 2013
3. Søknad om fritak – suppleringsval – Martin Gulliksen
4. FKT medlemsbrev nr. 2/12
5. Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak
6. Statusoversikt for kontrollutvalet pr. februar 2013

Orienteringar:

Situasjonen for Øyane Asvo og oppstartstidspunkt for revisjonsprosjekt v/ordfører
Samansetninga av kontrollutvalet etter suppleringsval v/ordfører


Saksorientering:

Sakene blir lagd fram for kontrollutvalet til orientering.


SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Referatsakene 1- 6 og orienteringar vert tatt til orientering.

Aksdal, 18.02.13


Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato: 18.01.13
Journalført: 13/11/ogh
Arkivkode: 232



Årsrapport for 2012

Skatteoppkreveren i ETNE kommune

Innhold

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet	3
1.1 Skatteoppkreverkontoret.....	3
1.1.1 Ressurser.....	3
1.1.2 Organisering	3
1.1.3 Ressurser og kompetanse.....	3
1.2 Internkontroll	4
1.3 Vurdering av skatteinngangen.....	4
1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret.....	4
1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret.....	5
1.4 Skatteutvalg	5
2. Skatteregnskapet.....	5
2.1 Avleggelse av skatteregnskapet.....	5
2.2 Margin	6
2.2.1 Margin for inntektsåret 2011	6
2.2.2 Margin for inntektsåret 2012	6
2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen.....	6
3. Innfordring av krav	6
3.1 Restanseutviklingen.....	6
3.1.1 Totale restanser og berostilte krav	6
3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser	7
3.1.3 Restanser eldre år	8
3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år	8
3.2 Innfordringens effektivitet.....	9
3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012.....	9
3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat	9
3.2.3 Omtale av spesielle forhold	9
3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen.....	9
3.3 Særnamskompetanse.....	9
4. Arbeidsgiverkontroll.....	10
4.1 Organisering av arbeidsgiverkontrollen	10
4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller.....	10
4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen.....	10
4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen	10
4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører.....	10
4.6 Gjennomførte informasjonstiltak	11

1. Generelt om skatteoppkreverens virksomhet

1.1 Skatteoppkreverkontoret

1.1.1 Ressurser

Ressursfordeling	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved skatteoppkreverkontoret som kun er benyttet til skatteoppkreverfunksjonen i regnskapsåret		100 %
Ressursbruk ved skatteoppkreverkontoret, fordeling av årsverk	-----	-----
Skatteregnskap		15 %
Innfordring av skatt og arbeidsgiveravgift		40 %
Arbeidsgiverkontroll		20 %
Informasjon og veiledning overfor skatte- og avgiftspliktige og regnskapsførere/revisorer		15 %
Skatteutvalg		0 %
Administrasjon		10 %
(Andel fordelt skal være 100 %)	Sum	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteoppkrevjaren i Etne er ei sjølvstendig stilling som faglig ligg under rådmannen. Organisasjonsmessig ligg den i økonomiavdelinga og personalansvaret ligg hos økonomisjefen.

Denne organiseringa har vore frå 1. januar i 2011.

1.1.3 Ressurser og kompetanse

Resursane me har hatt i 2012, fram til 1.november, er dei same som me har hatt frå 2009, skatteoppkrevjar i 60% stilling og saksbehandlar skatt i ca 50%, begge med kompetanse. Frå 1.november har skatteoppkrevjar gått i 33% stilling. Frå 1. januar 2013 er skatteoppkrevjarens ansvaret flytta til sakshandsamar skatt men tidlegare skatteoppkrevjar jobbar fortsatt i ca.33% .

Arbeidsoppgavene har me fordelt slik at skatteoppkrevjar har skatteregnskapen og jobbar med personlege skatteyterar. Saksbehandlar skatt har arbeidsgjevarane og jobbar med særnamnsmynde og innkreving i samband med det. I tillegg han og vore med på arbeidsgjevarkontrollane.

Me kjøper framleis kontrollar frå Hordaland kommunale regnskapskontroll.

I tillegg har me to personar som har tilgang til godkjenning i Sofie.

Me er derfor ikkje lenger sårbare ved feriar og anna fråvær.

1.2 Internkontroll

- 1.2.1 Rutinebeskrivelsen for kontoret er på plass. Den vil bli gått gjennom og ajourholdt videre.
- 1.2.2 Ved utbetaling i bank er det alltid to som godkjenner. Ved anvisning og godkjenning i Sofie når utbetalinga er over kr 50.000,- er me og to personar

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i regnskapsåret

Årsregnskap - kommune - sammendrag Utvalgsriterier: Komm nr : '1211', År : '2012',
Hovedbokstype : 'K'

		2012	2011
	Likvider	29 210 720	26 983 811
	Skyldig skattecreditorer	-2 902 491	-2 573 803
	Skyldig andre	-17 075	-25 266
	Innestående margin	-26 291 151	-24 384 739
	Udisponert resultat	-3	-3
Sum		0	0
	Arbeidsgiveravgift	-56 333 185	-52 136 650
	Personlige skatteyttere	-286 104 771	-263 903 949
	Selskapsskatt	-19 578 114	-24 471 792
	Renter	136 203	202 034
	Innfordring	16 489	44 702
Sum		-361 863 379	-340 265 655
	Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	56 333 185	52 136 650
	Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	76 715 352	73 317 889
	Fordelt til Fylkeskommunen	18 365 952	16 739 120
	Fordelt til kommunen	86 976 000	79 568 287
	Fordelt til Staten	123 472 890	118 507 152
	Krav som er ufordelt	0	0
	Videresending plassering mellom kommuner	0	-3 443
Sum		361 863 379	340 265 655
Sum totalt		0	0

Denne rapporten viser at den totale skatteinngangen har hatt ein auke på 6,35 % frå 2011 til 2012. I forrige år hadde me ein auke på 8,52%.

Den største auken i 2012 har vore på skatteinngangen frå personlege skattyterar, 8,4%. Arbeidsgjevaravgift har auka med 8%. Grunnen til at det totale skatteinngangen ikkje har like stor auke som i fjor, er at selskapsskatten har gått ned med kr 4.893.678 som er 19.9% av skatteinngangen totalt.

1.3.2 Kommunens andel av skatteinngangen i regnskapsåret 2012

Fordelt til kommunen i 2012 er kr 86 975 985,- mot tilsvarende i 2011, kr 79 568 283,- Dette er ein vesentleg auke av kommunen sin andel på kr 7 407 702,- (9,3 %) i forhold til året før.

Kommunen sin andel av den totale skatteinngangen er 24 % i 2012 mot tilsvarende fordeling i 2011 som var 23,38%. Som ein ser får kommunen 0,62% meir av innkrevd skatt etter fordelingane i 2012.

Fordelt til Staten har i 2012 hatt ein auke på kr.4 965 745 -,- som er 4,2 %.

I 2011 var resultatet at kommunen fekk 3,28% mindre fordelt og staten fekk sin andel vesentleg auka. (21,35%)

1.3 Skatteutvalg.

Det er ikkje komne inn saker som skal oversendast skatteutvalet 2012.

2. Skatteregnskapet

2.1 Avleggelse av skatteregnskapet

Avleggelse av skatteregnskapet

Skatteoppkreveren i Etne kommune bekrefter at skatteregnskapet for 2012 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldende forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevere § 3-1.

Det er mottatt desse pålegga frå regional kontrollenhet om regnskapsføringa i 2012:

- **Betaligsordning, krav til søknad og vurdering av vilkår.** Dette er ordna.
- **Målkrav til arbeidsgjevarkontrollen.** I 2012 har me klart 4,62%. Jobbar vidare med å klara målkravet på 5%
- **Godskriving mellom aktørar.** Har laga rutine
- **Herrelause beløp.** Vert jobba med
- **Avviksregistrering frå DTI:** Vert registrert
- **Endring eller avslutning av utleggstrekk.** Prosedyren oppdatert.
- **Registrering av resultat av rettsvern etter utleggsforretning.** Vert utført etter kvart.

Årsregnskapet for 2012 følger som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkreveren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2011

Innestående margin for inntektsåret 2011, pr. 31.10.2012 kr 0

For lite avsatt margin for inntektsåret 2011 kr -3 320 102

Marginprosent

Prosentsats marginavsetning: 10 %. Gyldig fra: 01.05.1997

2.2.2 Margin for inntektsåret 2012

Marginavsetning for inntektsåret 2012, pr. 31.12. 2012 kr - 26 291 151

Gjeldende prosentsats marginavsetning: 10 % Gyldig fra: 01.05.1997

2.2.3 Kommentarer til marginavsetningen

Etne kommune hadde eit underskot på marginen for 2011 på kr 3.320.102,-. I 2010 var underskotet på kr 5.028.022,-.

Med eit så stort underskot på marginen dei siste åra, må prosentsatsen aukast til 12 %. Dette må gjerast snarast.

3. Innfordring av krav

3.1 Restanseutviklingen

3.1.1 Totale restanser og berostilte krav

Skatteart	Restanse 31.12.2012	Herav berostilt restanse 31.12.2012	Restanse 31.12.2011	Herav berostilt restanse 31.12.2011	Endring i restanse Reduksjon (-) Økning (+)	Endring i berostilt restanse Reduksjon (-) Økning (+)
Sum restanse pr. skatteart	10 198 211	68 304	9 810 460	68 304	+387 751	0
Arbeidsgiveravgift	327 755		101 412	0	+226 343	0
Artistskatt	0		0	0	0	0
Forsinkelsesrenter	508 643		413 351	0	+95 292	0
Forskuddsskatt	155 997		79 524	0	+76 473	0
Forskuddsskatt person	1 862 772		1 677 447	0	+185 325	0
Forskuddstrekk	340 720		83 276	0	+257 444	0
Gebyr	0		0	0	0	0
Innfordringsinntekter	41 232	1 470	55 894	1 470	-14 662	0
Inntekt av summarisk fellesoppgjør	0		0	0	0	0
Kildeskatt	0		0	0	0	0
Restskatt	83 184		996 063	0	-912 879	0
Restskatt person	6 877 908	66 834	6 403 493	66 834	+474 415	0
Sum restanse diverse krav	0		1 591	0		
Diverse krav	0		1591	0		
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	10 198 211	68 304	9 812 051	68 304		

3.1.2 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklingen i restanser

Totale restanser har hatt ein auke på kr 387 751,- i forhold til 2011. Dette er vesentleg meir enn auken frå 2010 til 2011 som var på kr 78 877,-.

Berostillte krav har ikkje hatt noko endring i forhold til forrige år.

Restanse på arbeidsgjevarar er den som har størst auke i forhold til forrige år.

Arbeidsgjevaravgift og forskuddstrekk, tilsamen kr 668 475,- har ein auke på kr 483 787,- i forhold til 2011. Denne restansen gjeld berre tre arbeidsgjevarar.

Restanse forskuddsskatt kr 155 997,- (auke kr 76 473,-) gjeld berre ei verksemd.

Restanse på restskatt er redusert frå kr 912 879,- i 2011 til kr 83 184,- i 2012.

Forskuddsskatt person har framleis ein stor restanse og den har hatt ei auke på kr 185 325,- i 2012. Av restansen på kr 1 862 772,- er kr 1 183 979,- forskuddsskatt som er utskreven i tidlegare år, frå 2000 til 2011 og gjeld 5 skatteyterar. Mykje av denne restansen er urealistisk å få innkrevd.

Restskatt person har hatt ei auke på kr 474 415,-. I motsetjing til forrige år då den vart redusert med kr 893 828,-

Av den totale restansen på restskatt person på kr 6.877 908,- gjeld 69% (kr 4 749 581,-) berre to personar og dei eldste går tilbake til 1990.

Av lempa- og utgiftsførte krav på kr 67 627,-, er kr 58 392,- konkursbo. esten er opprydding av utenlandske skattytere med gamle, små restanser.

Det har vore nedsetjing av pensjonsgivande inntekt på tilsamen kr 88 097,- siste året.

Sum utligna skatt person var i 2011 på kr 271 240 482,-

Sum utligna skatt person var i 2010 på kr 249 948 453,-

Dette gjev ei auke på utligna skatt på kr 21 292 029,- som er 8,5%

Arbeidsgiveravgiften for 2012 har hatt ei auke på kr 4.196 535,- som er 8%

3.1.3 Restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2010	430 384	92 272
2009	356 197	288 261
2008	899 545	756 896
2007 – 19XX	5 567 163	-----

3.1.4 Kommentarer til restanser og restanseoppfølgingen for eldre år

Den totale restansen for eldre år frå 2010 til 1988 er auka med kr. 245 703,- som er 3,5% auke frå siste året.

Eldre restanser med vesentleg størrelse, vert alltid sikra med utpanting. I tillegg vert dei følgde opp med innkreving. Me legg inn påleggstrekk der det er muleg og ellers prøver me å få til nedbetalingsavtalar.

Korleis utviklinga på dei ulike år har vore frå 2010 til 2011 er vanskeleg å sei på grunn av at det er kjørt rettingar på eldre år.

Eldre restanser for åra 2007 og eldre, ligg på same nivå som i 2010 Det er vanskeleg å få innkrevd eldre restanser.

Det var ingen nye krav som vart forelda i siste året. Alle eldre krav er følgde opp med tiltak.

Kontoret har gjennomgått D.rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato tom 31.12.12 og sikret at krav ikke foreldes uten at det er iverksatt tiltak.

3.2 Innfordringens effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontorets resultat pr. 31.12.2012

Resultatet for vårt kontor pr 08.05.12 er bra i følge rapporten frå revisjonen. I 2009 fekk me meir bemanning på kontoret og det har gjort at me har fått få høgare aktivitet på innfordringa.

Resultat for innfordra restskatt 2011 var pr.31.12.12 : 29,31% . Resultat for innfordra restskatt 2010 pr 31.12.11 var 90,26 %. Totalt innbetalt restskatt person 2010 pr 31.12.11 var 99,14 %.

3.2.2 Vurdering av sammenheng mellom aktivitet og resultat

Utleddsforretningane vert utførte utan ventetid då me tar utlegg sjølv. I 2012 vart det utført 18 utleggsforretningar for eigne restanser. Alle nye krav vert følgde tett opp med innkreving. Når det gjeld eldre krav, tar me ut lister som vert gått gjennom, me søker etter arbeidgjevarar og tar kontakt med Nav om muligheter for om nokon har utbetalningar frå dei.

Bemanninga på kontoret gjekk ned med 27 % frå 1 november i 2012. Det har ikkje påverka resultatet i 2012.

3.2.3 Omtale av spesielle forhold

Me har hatt restanse på ein konkursbo som er utgiftsført i 2012. Det har ikkje vore mange store endringssaker som har hatt innvirkning på resultatet i 2012.

3.2.4 Kontorets eventuelle tiltak for å bedre effektiviteten i innfordringen

Frå 1.januar 2013 er det ny skatteoppkrevjar. Tidlegare skatteoppkrevjar går over i meir redusert stilling på skatt og ny skatteoppkrevjar skal ta over ansvaret. Korleis han vil bedra effektiviten av innkrevinga, er ikkje avklart enno.

3.3 Særnamskompetanse

Sjå punkt 3.2.2

4. Arbeidsgiverkontroll

Samarbeidet med Hordaland Kommunale regnskapskontroll blir vidareført med same ressurs som i 2011. I tillegg brukar me eigne ressursar frå kontoret til kontrollar.

4.2 Planlagte og gjennomførte kontroller

Antall planlagte kontroller for 2012 : 9

Som utgjør: 5,2 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2012 : 8

Som utgjør: 4,6 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2011 : 3

4.3 Resultater fra arbeidsgiverkontrollen

Av dei 8 kontrollane som er gjennomførte er det ikkje avdekka noko kritikkverdige forhold.

4.4 Vurdering av arbeidsgiverkontrollen

Hordaland Kommunale regnskapskontroll har gjennomført 5 bokettersyn for oss og det er blitt kjøpt 117 kontrolltimer. Pr. 31.12.2012 har me ein saldo på 109 timer som kan brukast til nye kontroller i 2013. Lokalt har me foretatt 3 bokettersyn. Totalt har me ein god måloppnåelse.

4.5 Samarbeid med andre kontrollaktører

Skatteoppkrevjaren i Etne har ikkje deltatt i fellesaksjonar i 2012. Det har heller ikkje vore henvendelser frå skattekontoret ang. utvelgelse av objekt eller anna som gjeld kontrollar.

4.6 Gjennomførte informasjonstiltak

Det har ikkje vore gjennomført spesielle informasjonsvedtak på arbeidsgjevarkontrollen i vår kommune. Arbeidsgjevarar, nye og gamle som henvender seg til vårt kontor, får veiledninga som dei har bruk for. Kan me ikkje svara, vert dei henviste til rett kontor.

Sted/dato: Etne 15.01.13



Skatteoppkreverens signatur Etne kommune
Skatteoppkrevjaren

Vedlegg: Årsregnskapet for 2012 - signert av skatteoppkreveren.

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**

Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.

- **Skyldig skattekreditorene**

Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.

- **Skyldig andre**

Dette beløpet består av uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.

- **Udisponert resultat**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**

Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrullet marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.

- **Fordelt til skattekreditorene**

Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.

- **Krav som er ufordelt**

Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr : '1211', År : '2012', Hovedbokstype : 'k'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	29 210 720	26 983 811
Skyldig skattekreditorene	-2 902 491	-2 573 803
Skyldig andre	-17 075	-25 266
Innestående margin	-26 291 151	-24 384 739
Udisponert resultat	-3	-3
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-56 333 185	-52 136 650
Personlige skatteyttere	-286 104 771	-263 903 949
Selskapsskatt	-19 578 114	-24 471 792
Renter	136 203	202 034
Innfordring	16 489	44 702
Sum	-361 863 379	-340 265 655
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	56 333 185	52 136 650
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	76 715 352	73 317 889
Fordelt til Fylkeskommunen	18 365 952	16 739 120
Fordelt til kommunen	86 976 000	79 568 287
Fordelt til Staten	123 472 890	118 507 152
Krav som er ufordelt	0	0
Videresending plassering mellom kommuner	0	-3 443
Sum	361 863 379	340 265 655
Sum totalt	0	0

Etna 15/1-13

Odnyd Tvedal

Etna kommune
Skatteoppkrevjaren

Haugaland
Kontrollutvalgssekretariat IKS
Mottatt dato:
Journalført:
Arkivkode:

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
Postboks 57
5575 Aksdal

Etne, 11. januar 2013

BUDSJETT 2013, ØKONOMIPLAN 2013-16 - ETNE KOMMUNE

Viser til kontrollutvalet sitt budsjett for 2013 vedlagt dykkar skriv av 11.10.2012.

Kommunestyret vedtok i møte 18. des., i saknr. 082/12, budsjettet for kontroll og tilsyn 2013 i samsvar med dykkar framlegg, sjå vedlegg.

Med vennleg helsing



Per Rune Kolas
Rådgjevar, Økonomi

Direkte: 53 75 80 46

E-post: per.rune.kolas@etne.kommune.no



ETNE KOMMUNE • Postboks 54, 5591 Etne
Tlf. 53 75 80 00 • Faks: 53 75 80 01

firmapost@etne.kommune.no
www.etne.kommune.no

trygg • raus • engasjert



Vedlegg

K-sak 082/12 – budsjett 2013 og økonomiplan 2013-16 med vedlegg

18.12.2012 KOMMUNESTYRE

K-092/12 VEDTAK: (samrøystes)

Martin Gulliksen får innvilga søknaden om fritak frå kontrollutvalet og vararepresentant i kommunestyre.

Nytt medlem i kontrollutvalet blir Elisebeth Aasheim.

08.01.13
ETNE KOMMUNE
Rett utskrift

Eva Wike Flustoft

TR 5.5

Lisa



VEDLEGG 5 Sak 2/13

Medlemsbrev nr. 2 / 2012.

Dato: 5. desember 2012

ORGANISASJON & INFORMASJON.

Konferanser fra FKT i 2013:

- ❖ KONTROLLUTVALGENES EGEN **FAGKONFERANSE** MED ÅRSMØTE HOLDES **5. – 6. JUNI 2013.**
 - Gardermoen (Clarion Hotel Oslo Airport)
 - Juni er en fin årstid, og vi vil for 4. år på rad ha en sosial aktivitet integrert i opplegget.
 - Arbeid med program og sosial ramme pågår.
 - Program blir sendt ut i mars 2013.
 - Viser ellers til hjemmesiden www.fkt.no
 - Målgruppe: Kontrollutvalgene, deres sekretariater og andre med interesse for arbeidsfeltet.
- ❖ **SEKRETARIATSKONFERANSE** HOLDES **20. MARS 2013.**
 - Oslo (Thon Hotel Opera)
 - Målgruppe er hovedsakelig kontrollutvalgenes sekretariater.
 - Program blir sendt ut i månedsskiftet jan./febr. 2013.
- ❖ **PROP. 119 L (2011-2012). HVOR STÅR SAKEN NÅ?**
 - Omhandler endringer i kommuneloven mm. Det er denne stortingsproposisjonen som bl.a. har **forslag om åpne møter i kontrollutvalgene.** Skaffet deler 01.01.14
 - Her var det høring i Stortingets kommunal- og regionalkomite i november. Innstilling fra komiteen og første behandling i Stortinget er begge planlagt til desember 2012.
- ❖ **NYE ENDRINGER I KOMMUNELOVEN?**
 - FKT har fått tilsendt en høringssak fra KRD med forslag til endringer i kommuneloven og offentleglova (innbyggerinitiativ, revisors taushetsplikt, utsatt offentlighet).
 - Link: http://www.regjeringen.no/upload/KRD/Horingsnotat_innbyggerinitiativ.pdf
 - Styret vil gi en uttalelse til deler av den innen **høringsfristen 26. febr. 2013.**
- ❖ **SAMARBEID MED ANDRE ORGANISASJONER.**
 - FKT inviterer til **kontaktmøte** med Norges Kommunerevisorforbund (NKRF) 10. januar 2013. Her deltar styreleder, daglig leder og et styremedlem fra hver av organisasjon.
- ❖ **OG FORØVRIG...**
 - ... så vil FKT ønske våre medlemmer en fin adventstid, God Jul og et Godt Nyttår!

Med hilsen

Per Rune Vereide (s)
Styreleder i FKT

Hogne Haktorsen
Kontrollsjef / dagleg leder



KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENTET

Du er her: regjeringen.no / [Kommunal- og regionaldepart...](#) / [Pressesenter](#) / [Pressemeldinger](#) / Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak

Pressemelding, 08.02.2013

Opne møte i kontrollutval og kommunale føretak

Frå 1. juli 2013 skal det vere opne møte i kontrollutval og kommunale føretak. - Lovendringa vil gje innbyggjarar og media betre innsyn i kommunal verksemd, seier statsråd Liv Signe Navarsete.

Lovendringane er eit resultat av arbeidet i Kommunal- og regionaldepartementet for ein endå betre eigenkontroll i kommunane. Det er òg ei oppfølging av arbeidsgrupperapporten *85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane*.

- Kontrollutvalet er kontrollorganet til kommunestyret. Dei handsamar viktige saker som handlar om kommunale tenester, økonomi og måloppnåing. Eg meiner det er viktig og rett at desse møta som hovudregel er opne, seier Navarsete.

Også styremøta i kommunale føretak skal som hovudregel vere opne.

- Kommunale føretak er ein del av kommunen. Dei bør i stor grad vere opne for innsyn, seier Navarsete.

Kommunelova er samstundes endra slik at kontrollutvala og revisorane får rett til innsyn i alle interkommunale samarbeid etter kommunelova § 27 og i alle aksjeselskap som direkte eller indirekte er eigde av kommunen.

- Styrkt eigenkontroll er viktig for å sikre tilliten innbyggjarane har til kommunen. Det sikrar også effektiv og rett ressursbruk i kommunen, seier Navarsete.

Statsråden peiker òg på samanhengen mellom eigenkontrollen og statleg tilsyn.

- Eg ser det slik at i kommunar med aktiv forvaltningsrevisjon og eigenkontroll bør statlege tilsynsetatar ta omsyn til det og redusere tilsynet sitt, seier Navarsete.

Kommunal- og regionaldepartementet sin pressetelefon: 22 24 25 00.



Statusoversikt februar 2013 – Kontrollutvalet i Etne

Saker frå bestilling til behandling i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Tidsbruk	Status	Ferdig dato	Merknader
Øyane Asvo AS	26.11.12	200 timar	Avventar oppstart	?	50/50 med Vindafjord
Selskapskontroller					
Andre saker					

Saker under politisk behandling eller til oppfølging i kontrollutvalet

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Planlagt oppfølging	Merknader
Overordna analyse	26.06.12	26.11.12	Kst		120 timar
Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015	26.06.12	26.11.12	Kst		
Selskapskontroller					
Andre saker					

Avslutta prosjekter

Forvaltningsrevisjonar	Bestilt	Behandla i KU	Behandla av/dato	Følgd opp	Merknader
Selskapskontroller					
HIM IKS- oppfølging av kontroll i 2011		26.11.12	Kst		Brev frå styret
Plan for selskapskontroll 2012-2016		01.10.12	Kst 30.10.12		
Andre saker					

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	25.02.13	03/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	033	

ÅRSMELDING FOR KONTROLLUTVALET 2012

Saksvedlegg: Forslag til årsmelding 2012

Saksorientering:

I følge kommuneloven § 77 pkt 6 skal ”kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret eller fylkestinget”.

Utkast til årsmelding for kontrollutvalet si verksemd i 2012 følger vedlagt. Den er sett opp etter omtrent same mal som tidligare årsmeldingar.

Årsmeldinga summerer opp utvalet sin aktivitet i 2012 og gir eit samandrag av dei hovedsaker som utvalet har hatt til handsaming gjennom året. Årsmelding gjer dessutan ei total oversikt over alle saker til handsaming og saker til orientering .

Årsmeldinga vert lagt fram for kommunestyret til orientering etter at kontrollutvalet har godkjent den. Eventuelle endringar som måtte komme frå utvalet vil bli innarbeida før den blir vidaresendt.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL INNSTILLING:

Kontrollutvalet godkjenner årsmeldinga for 2012.

Årsmeldinga vert oversendt kommunestyret til orientering.


Aksdal, 18.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær

ETNE KOMMUNE

KONTROLLUTVALET SI ÅRSMELDING FOR 2012



KONTROLLUTVALET
ETNE KOMMUNE

INNLEIING

Kapittel 12 i kommunelova omtalar internt tilsyn og kontroll. Kommunestyret sjølv har det øvste tilsynet med den kommunale forvaltninga (§ 76), men kommunestyret vel eit kontrollutval som skal føra det løypande tilsyn (§ 77). Kontrollutvalet er altså eit obligatorisk politisk vald organ med oppgåver knytte til tilsyn og kontroll.

I følgje kommunelova § 77 pkt. 6 skal «kontrollutvalget rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret».

1. KONTROLLUTVALET SITT FØREMÅL

Kontrollutvalet er eit lovpålagt organ som skal på vegne av kommunestyret syte for tilsynet med forvaltninga av kommunen (finansiell revisjon og forvaltningsrevisjon) og selskap som kommunen eig (selskapskontroll). Utvalet skal også sjå til at revisjonen fungerer på ein trygg måte. Ordninga er heimla i kommunelova og forskrift om kontrollutval. Kontrollutvalet er ikkje underlagt andre organ enn kommunestyret og rapporterer og innstiller til dette.

2. MEDLEMENE I UTVALET

Det er kommunestyret sjølv som vel medlemene til kontrollutvalet. Kontrollutvalet skal ha minst tre medlem, og etter § 77 nr 1 i kommunelova skal minst eit av utvalet sine medlemmer veljas mellom representantane i kommunestyret. Etter valet i 2011 blei antall medlem i utvalet auka til 5.

For perioden 2011-2015 har Etne kommunestyre vald følgjande medlemmer til kontrollutvalet:

Faste medlemmer:

Leiar	Ståle Tungesvik
Nestleiar	Lars Ebne
Medlem	Trude Enge
Medlem	Martin Gulliksen (til 18.12.12)
Medlem	Elisebeth Aasheim (frå 18.12.12)
Medlem	Liv Ellen Ebne (til 30.10.12)
Medlem	Ivan Kaldheim (frå 30.10.12)

Varamedlem:

Nils Ramsvik
Nina Kaltwasser
Kirsten H. Andreassen

Liv Ellen Ebne er vald mellom representantane i kommunestyret. Ho gjekk ut av utvalet hausten 2012. Utvalet oppfyller dermed ikkje kravet til lova, om at minst ein representant i kontrollutvalet skal sitja i kommunestyret (jfr. Forskrift om kontrollutvalg § 2).

Leiar og nestleiar i kontrollutvalet har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir handsama. Ordføraren har møte- og talerett i utvalet. Rådmannen har ikkje møterett, men kan innkallast av utvalet.

3. AKTIVITETEN I KONTROLLUTVALET I 2012

Kontrollutvalet har i 2012 hatt 4 møte fordelt på to møte om våren og to møte om hausten.

Utvalet har hatt 27 saker til handsaming. Som vedlegg til årsmeldinga er det ei oversikt over saker lagt fram for kontrollutvalet og saker til orientering.

Møta i kontrollutvalet er haldne for lukka dører i samsvar med kommunelova § 77 nr 8.

Ståle Tunesvik og Trude Enge deltok på NKRFs Kontrollutvalgskonferanse på Gardermoen 1. – 2. februar 2012. Ståle Tunesvik og Lars Ebne deltok på høstkonferansen til Forum for kontrollutvalg i Rogaland den 1. november 2012 i Sandnes.

4. KONTROLLUTVALET SINE HOVUDOPPGÅVER

4.1 REKNESKAPSREVISJON

Kontrollutvalet skal sjå til at kommunen sin årsrekneskap vert revidert på ein trygg måte. Kontrollutvalet skal også halde seg orientert om revisjonsarbeidet og sjå til at det går føre seg i samsvar med lov og føresegner, god kommunal revisjonsskikk og kontrollutvalet sine instruksar.

Kontrollutvalet hadde i møte 14.05.12 kommunen sin årsrekneskap for 2011 til handsaming. I kontrollutvalet sin uttale til kommunerekneskapen blei det ikkje tatt atterhald eller presisering.

Utvalet har fått Årsmelding og skatteregnskap frå Skatteoppkreveren i Etne til orientering.

4.2 FORVALTNINGSREVISJON

I følge kommunelova skal kontrollutvalet sjå til at da vert gjennomført forvaltningsrevisjon av den kommunale verksemda. Kontrollutvalet skal innan utgangen av første året i valperioden utarbeida ein plan for gjennomføring av forvaltningsrevisjon. Forvaltningsrevisjon skjer etter kommunestyret sin vedtekne plan for forvaltningsrevisjon.

Ny plan for forvaltningsrevisjon for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til plan og overordna analyse blei utarbeida av KPMG. Kontrollutvalet arbeida med planen og analysen gjennom store deler av 2012. Utvalet vedtok planen i november 2012. Endeleg vedtak vil bli gjort av kommunestyret i 2013.

Utvalet har ikkje handsama nokon forvaltningsrevisjonsrapport i 2012.

4.3 SELSKAPSKONTROLL

Kommunelova pålegg kontrollutvalet å sjå til at det vert ført kontroll med forvaltninga av kommunen sine interesser i selskap som er heileigde av kommunen eller eigde saman med andre kommunar. Kontrollutvalet skal minst ein gong i valperioden og seinast innan utgangen av året etter at kommunestyret er konstituert, utarbeida ein plan for gjennomføring av selskapskontroll.

Ny plan for selskapskontroll for perioden 2012-2015 blei utarbeida i 2012. Utkast til ny plan blei utarbeida av sekretariatet og vedteke av utvalet i oktober 2012. Endeleg vedtak blei gjort av kommunestyret 30.10.12.

Utvalet har i samarbeid med utvalet i Vindafjord fått utarbeida ein prosjektplan for ein gjennomgang av Øyane Asvo. Det er KPMG som har utarbeida prosjektplanen. Arbeidet er foreløpig ikkje starta opp, då ein ventar på endeleg avklaring om vidare drift av Øyane Asvo. Dette prosjektet vil bli i samarbeid med kontrollutvalet i Vindafjord kommune.

Tilbakemelding frå Haugaland Interkommunale Miljøverk IKS (HIM) på oppfølging av selskapskontrollen i 2011 blei handsama av utvalet og kommunestyret hausten 2012.

4.4 TILSYN MED REVISOR

Kommunestyret avgjer om kommunen skal tilsetja eigen revisor, delta i interkommunalt samarbeid om revisjon, eller inngå avtale med annan revisor. Vedtak om dette skal gjerast etter innstilling frå kontrollutvalet.

Etne kommunestyre vedtok hausten 2011 å seie opp avtalen om revisjon med Haugaland kommunerevisjon med verknad frå 30.06.12. Anbud på revisjonstenestene blei lyst ut på slutten av 2011.

Kommunestyre valde etter innstilling frå kontrollutvalet firmaet KPMG som kommunen sin nye revisor for perioden 2012-2015.

Kommunen sin revisor har møte- og talerett i utvalet sine møter. Kontrollutvalet har behandla uavhengighetserklæring frå revisor samt revisor sin plan for rekneskapsrevisjon.

4.5 TILSYN MED FORVALTNINGA

Tilsyn med forvaltninga har vore gjennomført ved at rådmannen har orientert utvalet om aktuelle saker. Utvalet har og blitt orientert om statlege tilsyn, budsjettvedtak, KOSTRA-tall, m.v.

4.6 FRAMLEGG TIL BUDSJETT FOR INTERNT TILSYN OG KONTROLL

Kontrollutvalet handsama hausten 2012 framlegg til budsjett for internt tilsyn og kontroll for 2013. Totalt var framlegg til budsjett inkl. revisjonstenester, sekretariatstenester og kontrollutvalet sine egne utgifter på kr 590 000. Framlegget vart sendt over til kommunestyret for handsaming.

4.7 SEKRETARIAT

Sekretariatstenester for kontrollutvalet er i 2012, som tidligare år, ivaretatt av Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS.

5. OPPSUMMERING

Aktiviteten i 2012 har vore som planlagt, men innanfor forvaltningsrevisjon noko mindre enn forventa. Året har vore prega av å få på plass ny revisjonsordning og nye planar for dei neste fire år.

Etne, 25. februar 2013

Elisebeth Aasheim (sign)

Ståle Tungesvik (sign)
Leiar

Lars Ebne (sign)
Nestleiar

Trude Enge (sign)

Ivan Kaldheim (sign)

VEDLEGG

OVERSIKTOVER SAKER LAGT FRAM FOR KONTROLLUTVALET

Saker til handsaming:

- 01/12 Godkjenning av protokoll 14.12.11
- 02/12 Referatsaker 27.02.12
- 03/12 Årsmelding Etne kontrollutval 2011
- 04/12 Revisor si egenerklæring
- 05/12 Val av revisor (ikkje offentleg, jf off.l. § 23

- 06/12 Godkjenning av protokoll frå møte 27.02.12
- 07/12 Referatsaker 14.05.12
- 08/12 Rekneskapen 2011 – kontrollutvalet sin uttale
- 09/12 Utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015

- 10/12 Tilbod og utkast til prosjektplan – plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015

- 11/12 Godkjenning av protokoll møte 14.05.12 og særutskrift i sak 10/12 frå 26.06.12
- 12/12 Referatsaker 01.10.12
- 13/12 Revisor si egenerklæring – frå KPMG AS
- 14/12 Budsjett for kontroll og tilsyn 2013.
- 15/12 Arbeidet med Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2016 – orientering om framdrift
- 16/12 Plan for selskapskontroll 2012-2016
- 17/12 Presentasjon av revisor – overordna revisjonsstrategi
- 18/12 Forslag til møteplan for 2013

- 19/12 Godkjenning av protokoll møte 01.10.12
- 20/12 Referatsaker 26.11.12
- 21/12 Orientering frå administrasjonen v/rådmannen
- 22/12 Presentasjon av revisor – overordna revisjonsstrategi (utsett frå møte 01.10.12)
- 23/12 Plan for forvaltningsrevisjon 2012-2015
- 24/12 Bestilling av forvaltningsrevisjon – Øyane Asvo AS
- 25/12 Oppfølging av gjennomført selskapskontroll i HIM IKS
- 26/15 Statusoversikt pr. november 2012 – over kontrollutvalet sine prosjekter
- 27/12 Etne kommune sitt budsjett og økonomiplan for 2013-2016

Saker til orientering:

1. Informasjonsskriv 1/12 frå NKRF – engasjementbrev
2. Overføring av oppgåver frå Helsetilsynet i fylket til Fylkesmannen.
3. DSB – Hver fjerde kommune uten strømberedskap
4. Folkehelseinstituttet – publisering av folkehelseprofiler av landets 429 kommuner
5. Etne kommune sin folkehelseprofil
6. Årsmelding og skatteregnskap frå Skatteoppkreveren i Etne

7. K-sak 021/12. Val av revisor for perioden 2012-2015.
8. KS' etikkonferanse 7.3.12. Samandrag.
9. KOFA. Samandrag frå KOFA si årsmelding.
10. HIM. Innkalling til representantskapsmøte.
11. Orientering frå rådmann om kommunen sin beredskap.

12. ByråkratiBarometer 2012
13. Kommunebarometeret 2012
14. Fem faktorar for å avdekkje korrupsjon

15. Invitasjon til NKRF konferansen 6.-7. februar 2013
16. Plan for selskapskontroll 2012-2016 – Kommunestyrevedtak 30.10.12, sak 69/12
17. Innkalling til møte i representantskapet i HIM 23.11.12

SAKSGANG		
Utval	Møtedato	Saksnummer
Kontrollutvalet	25.02.13	04/13

Saksansvarleg:	Arkivkode:	Arkivsak:
Odd Gunnar Høie	216	

UTVELGJING AV FORVALTNINGREVISJONSPROSJEKT I 2013

Bakgrunn:

Ifølge forskrift om kontrollutval skal kommunen årleg bli gjenstand for forvaltningsrevisjon i samsvar med gjeldande lover og reglar. Kontrollutvalet bør på dette møtet ta stilling til kva for eit prosjekt ein ønskjer gjennomført i 2013, slik at revisor sitt utkast til mandat for gjennomføring av prosjektet kan handsamast på neste møte i 2013.

Saksorientering:

Prosjekt for gjennomføring av forvaltningsrevisjon skal bestillast med bakgrunn i vedtatt Plan for forvaltningsrevisjon. Ny plan for perioden 2012-2016 blei vedteken av kontrollutvalet hausten 2012. Følgjande prosjekt er blant dei prioriterte prosjekta i den nye planen:

- IKT
- Strategi, målstyring og internkontroll
- Trafikksikring rundt skulane
- Investeringar
- Planarbeid

Prosjekta er ikkje prioritert og det vil difor vere opp til utvalet og velje ut fyrste prosjekt. Utkast til prosjektmandat vil i så bli handsama på neste møte, då endeleg bestilling kan foretas.

SEKRETARIATET SITT FORSLAG TIL VEDTAK:

Etne kontrollutval ber KPMG AS om å legge fram utkast til prosjektmandat på forvaltningsrevisjonsprosjektet "xxxxx" til neste møte i mai 2013.

Aksdal, 18.02.13



Odd Gunnar Høie
Utvalssekretær